

Samferdselsdepartementet

Høyring – Innspel til kystrutens innretning frå 2030

Dykkar Ref: 3039865

Vi ønsker å gi vårt innspel til denne høyringa med bakgrunn frå vårt gode samarbeid med Hurtigruten sidan 2012. Hurtigruten har i forbindelse med lang liggetid i Ålesund anløpt Hjørundfjorden to månader kvart år i september og oktober. I tillegg har ein del av Hurtigruten sine ekspedisjonsskip anløpt Hjørundfjorden på sine turer fra ulike destinasjoner både fra inn- og utland.

Vårt samarbeid med Hurtigruten har frå starten vore tufta på at lokalsamfunna skal vere gullet i utvikling og bærekraft. Med det meiner vi at det er lokalsamfunna med folket, naturen og kulturen som er verdien både for Hurtigruten og kyst-Norge. Det er dette som er vår unike salsvare som vi må verne om slik at produktet varer i mange generasjonar og kanskje er det nettopp denne vara som er redninga for at distrikts-Norge ikkje skal forvitne og bli avfolka. Vi har funne ein samarbeidspart i Hurtigruten som ser desse verdiane gjennom sin lange tradisjon med å betjene kyst-Norge. Dei lokale verdiane er eksklusive og når vi samtidig legg på god kvalitet under besøka kan vi skape bærekraftige produkt for både Hurtigruten og lokalsamfunna. Hurtigruten er også den passende samarbeidsaktør med sine skip på maks 4- 500 passasjerar, da dette er ei god volumbegrensing på det tal passasjerer vi skal kunne greie å handtere godt.

Hjørundfjorden har tradisjonelt hatt ein sterk turist-posisjon 150 år tilbake i tid for sine majestetiske Sunnmørsalper som går frå 1500 meters høgde og rett i fjorden. Fjorden har ein sjøline på ca 10 mil, der det er spreidd busetnad og unike små bygdesamfunn. Når Hurtigruten og no også Kystruten besøker fjorden har vi lagt til rette for at dei reisande kan få ei oppleving på land. Skipa ankrar opp i fjorden og vi sørger for lokal tendring av passasjerer til land. På land er det kaivertar som tek imot dei reisande med tilbod på rundreiser i lokalsamfunnet, vandreturar i bygdelag med historieforetllingar, smak av lokalmat og informasjon om lokalsamfunnet, eller om ein vil gå ein roleg tur i den vakre naturen.

Hjørundfjorden som ligg i Ørsta og delar av Volda kommune fekk i 2016 laga ein masterplan for produktutvikling av reiselivet i kommunen. Dette vart eit godt dokument som var forankra i heile kommunen, blant vanlege innbyggjarar og blant dei som driv i turistnæringa. Eit godt verkty gjennom i ei strategisk utvikling av turistnæringa som skal tilpassast lokalsamfunna og eksisterande infrastruktur. Der er sjølv sagt mål ein må sette seg både på kort og lang sikt, men

på vegen fram ser ein at dette har vore eit viktig dokument for at ein ved problemstillingar finn vegen vidare med gode løysingar.

Samarbeidet med Hurtigruten har vore avgjerande for at vi i dag har fått på plass mykje infrastruktur og tilbod i dei små bygdesamfunna langs Hjørundfjorden. Dette er bygdesamfunn som heile tida er trua av fråflytting og reduksjon av butilbod og offentlege basale tilbod, som er naudsynt for i det heile å kunne busette seg her. Hurtigruten har bidratt ved å legge vekt på god kontakt til lokalt mottaksapparat, der dei har vist ein grunnleggande tanke om å mest muleg bruke lokalsamfunna sine særeigne fasilitetar når dei besøker fjorden. Dette inspirerar dugnadsånd og bygdefolket til å spele på lag, og det gir ein gevinst for at lokale grunderar saman med bygdefolket etablerer lokal verdiskaping gjennom samarbeidet inn mot næringa. Vi meiner at dette også har ein stor meirverdi for Hurtigruten i marknadsføringa ved å kunne vise fram livskraftige, men små lokalsamfunn i utfordrande omgiversar. Dette er med å gi grunnlaget for at det kan vere lys i husa langs fjorden og at nye familier kan busette seg på slike plassar.

Nokre utklipp frå masterplanen frå 2016.

Utifrå prinsippet om å avgrense tilgangen til Hjørundfjorden rår vi til at det blir starta eit prosjekt som tek sikte på å samarbeide med Hurtigruten og/eller andre operatørar om å definere og utvikle Hjørundfjorden som explorer-cruise destinasjon. Dette vil kunne avgrense størrelsen på skip, tal passasjerar, antal skip samtidig etc.

Produktutvikling for reiselivet i regionen må vere prioritert, systematisk arbeid for heilskapeleg utvikling av destinasjonsområdet. Basert på lokale føresetnader, dei fastbuande sin vilje/engasjement/behov, berekraftige prinsipp, gjestane sine ønske og behov.

Ørsta tek ein tydeleg posisjon for Hjørundfjorden som Norges mest unike og berekraftige fjordområde. Dette skal gjere Hjørundfjorden unik og skilje seg tydeleg ut frå alle andre norske fjordregionar.

Verdigrunnlag er:

RÅ (natur og folk)

KOMPAKT (små avstandar mellom opplevingane)

LEVANDE (bygdene, naturen, fjella, elvane, kulturlandskapet)

Oppsummering

Samarbeidet med Hurtigruten/Kystruten har vore avgjerande for utviklinga av destinasjon Hjørundfjorden. Felles tanke og strategi om å bygge næringa på lokalsamfunnet sine premisser for utvikling av reiselivsnæringa er ein suksess. Grunnlag i ei natur- og kulturbasert opplevingsturisme ivaretek dei lokale verdiane og støttar opp under lokal bærekraft. Samarbeid med skip i størrelse som hurtigruten passar utmerket inn i våre små lokalsamfunn slik at både fastbuande og besøkande skal ha det bra.

Etterspurnaden på desse unike lokale opplevingane nært folket er det som er mest ettertrakta, og derfor kan prisast som eksklusivt, og gi bærekraft for lokalsamfunn og operatør. Dei fleste besøkande er ute etter sin unike oppleving og den finn dei faktisk blant lokalfolk i natur og kulturmiljø.

Vi ser positivt på at ein no etterspør innspel på korleis kystrutetjenesta kan bli best mulig. Sjølv sagt er dei miljømessige rammene viktig. Men ein ser også at godstrafikken er i endring saman med samfunnsutviklinga ved at den økonomiske plattformen innan godstransport blir endra, og at ein då må sjå på nye produkt som allereide ligg langs norskekysten. Unike produkt i verdssamanheng som folk må bli frakta til for å kunne oppleve. Men dette er heilt klart produkt som til liks med andre unike varer må prisast i henhold til sin eksklusivitet.

Hjørundfjorden har produkt som vi i samarbeid med Hurtigruten har bygt opp tilgjengeligheta til, det har gitt meir livskraft til bygdene, og vi ser det er produkt i verdsklasse som gir bærekraft både til lokalsamfunn og Hurtigruten/Kystruten. Framtida må vere å bygge oppunder den rikdommen vi har, og forvalte den på ein ansvarleg bærekraftig måte til alle sitt beste.

Mvh

Ørsta Turistkontor – Sunnmørsalpane Guideservice

Odd Magne Vinjevoll